



Bjørn-Olav Enger
Bustølvegen 62
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6305 - 21/48984

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 324/3

Administrativt vedtak: Saknr: 792/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Jorun Espetvedt og Bjørn-Olav Enger dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 10.07.2026 for gbnr 324/3 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Foretaket **Jorun Espetvedt og Bjørn-Olav Enger** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 324/3. Dagens driftsomsfang er 14 vinterfora sauer. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel.

Søker eig 10,7 daa fulldyrka mark, 14 daa overflatedyrka mark og 18,2 daa innmarksbeite. Foretaket har opplyst at I år har dei ikkje gjødsla med kunstgjødsla da dei kjøpte sau i vår og har 14 stykker (6 voksne og 8 lam) som beiter på garden. Siden beitetrykket er såpass lavt har dei ikke gjødsla i år.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum. GDE =1,4 minus frådrag for beitetid blir 0

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/6305»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn-Olav Enger

Bustølvegen 62

5919

FREKHAUG